

SVEIO KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tirsdag 13. september 2016
Tid: kl. 18.00
Sted: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Rådmann/kommunalsjef er invitert for å orientere og svar på spørsmål i sakene 18/16 og 19/16.

Saksliste:

- 17/16 Godkjenning av protokoll frå møte 14.06.16
- 18/16 Orientering frå administrasjonen – oppvekst og kultur
- 19/16 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Sakshandsaming, service og haldningar»
- 20/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 med overordna analyse (ettersendast)
- 21/16 Plan for selskapskontroll 2016-2020 med overordna analyse
- 22/16 Revisor si egenerklæring 2016
- 23/16 Budsjett 2017 – kontroll og tilsyn - kontrollutvalet
- 24/16 Referat- og orienteringssaker 13.09.16

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 07.09.16

Olav Haugen
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (Deloitte AS) (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering, med unntak av 1. vara Svein Nesse (for Ole-Ørjan Hov))
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	13.09.16	17/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.06.16

Vedlegg: Protokoll 14.06.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 14.06.16 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.06.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 06.09.16

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 14. juni 2016 blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

MØTESTAD:	Kantina, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav Haugen (KrF), Ole-Ørjan Hov (MDG), Heidi Selsås (A), Hans Christian Andersen (FrP) og Torill Hagland (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Ingen frå KPMG AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef helse og omsorg Bjørn Gilje i sak 13/16 og 14/16
MERKNADER TIL INNKALLING:	Utvalet meinte kommunen var sein med å leggje ut sakskartet på nettsida.
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 12/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.04.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 19.04.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 14.06.16:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.06.16:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 19.04.16 blir godkjent slik han føre.

SAK 13/16 ORIENTERING FRÅ ADMINSTRASJONEN – HELSE OG OMSORG

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tek kommunalsjef helse og omsorg si utgreiing om einingane til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.06.16:

Kommunalsjef Gilje takka utvalet for at han fekk komme. Han hadde hatt ansvar for saksfeltet i 20 år. Det var eit spanande felt og mykje som skjedde. Han jobba tett opp mot fem einingsleiarar som hadde ansvar for kvart sitt rammeområde. Dei disponerte til saman 112 mill. kr (netto-tal, når refusjonane var trekt ifrå). Områda er: 1) Helse/rehab., 2) Barnevern, 3) Pleie/omsorg, 4) NAV/flyktning, og 5) Habilitering. Til saman er det 144 årsverk og over 200 tilsette. Han framheva dei dyktige medarbeidarane.

Han orienterte så om ein rekkje planverk, som kommunen ved lov er pålagd å utarbeide. Av utfordringar blei balanse mellom driftsbehov og budsjett spesielt trekt fram. Det låg an igjen til ei overskriding 1. halvår pga. auka behov for pleie i egen bustad, innleige av ein 5. nattevakt og bruk av vikarbyrå, då det er vanskeleg å rekruttere nok helsepersonell. Andre innspel til kommande budsjett er spesialtilpassa bustader, eige aktivitetstilbod for psykisk utviklingshemma. Av kommande prosjekt nemnde han Jobb-base for unge arbeidsledige og busetting av fem mindreårige asylsøkarar. Av saker til hausten blei sak om felles legevaktordning trekt fram som uviss. Utvalet hadde spørsmål knytte til legedekning og budsjettsituasjon, som det blei svara på. Utvalsleiar takka for ei grundig orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.06.16:

Sveio kontrollutval tek kommunalsjef helse og omsorg si utgreiing om einingane til orientering.

SAK 14/16 SAK FRÅ INNBYGGJAR OM Å IVERKSETTE UNDERSØKING

Handsaming i kontrollutvalet 14.06.16:

Utvalsleiar innleia. Han la fram nokre prinsipp vedk. innmeldte saker frå innbyggjarar. Dei var sett opp i 13 punkt og blei lest opp. Utvalet slutta seg til dei.

I følge pkt. 11 skal utvalet ta stilling til om slike saker skal handsamast for opne eller lukka dører. Utvalet var samd i at det her ikkje var grunn for å lukke møtet. Dette blei tatt opp til særskilt votering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.06.16:

Sveio kontrollutvalet vedtar at saka vert handsama for opne dører.

Vidare handsaming i kontrollutvalet 14.06.16:

Andersen etterlyste meir dokumentasjon for dei framsette påstandane om at kommunestyret hadde fatta vedtak på feil grunnlag i 2004. Utvalsleiar meinte brevet eigentleg var ei klage utan at ordet var nytta, og at hans misnøye burde rettast til andre organ. Kommunalsjefen viste til at stiftinga har fått ny leiing sida starten, samt er eigen juridisk person. Bufetat har sidan starten også hatt omlegging frå kjøp av institusjonsplassar til fleire fosterheimsplasseringar.

Kommunen sitt føretak har berre vore leigetakar. Utvalet var samd i fakta og meinte det ikkje var grunn for å gå nærare inn i saka.

Utvalsleiar hadde også utforma eit framlegg til vedtak som han leste opp. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.06.16:

Sveio kontrollutval vedtar at saka vert avvist med følgjande grunngjeving:

1. Brevet vert oppfatta som ein klage og kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan.
2. Stiftinga Sveio Bufellesskap er eiga juridisk eining som fell utanfor kommunen sitt virkeområde. Kontrollinstans her er Stiftelsestilsynet.
3. Statens barnevern og Bufetat er utanfor kontrollutvalet sitt kontrollområde. Desse forar eigne tilsyn med dei institusjonar dei inngår avtale med.
4. Sveio Bufellesskap KF har heile perioden det visast til vore leigetakar. Det er drifta av institusjonen som i 2008 vart overført til stiftinga.

SAK 15/16 OPPFØLGING AV RAPPORT – SELSKAPSKONTROLL – HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGSARK AS

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar tilbakemeldingane frå Haugaland Kraft AS og rådmannen om oppfølging av rapport frå selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringsark AS til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.06.16:

Utvalsleiar innleia. Sekretær supplerte. Utvalet var nøgd med tilbakemeldingane og meinte det var greitt med at saka berre blei oversendt kommunestyret som ei referatsak.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.06.16:

Sveio kontrollutval tar tilbakemeldingane frå Haugaland Kraft AS og rådmannen om oppfølging av rapport frå selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringsark AS til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

SAK 16/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.06.16

16. Statusoversikt - juni 2016
17. Komm.styrevedtak 23.05.16, sak 32/16 – Eigarskapsmelding 2016- 2019
18. Komm.styrevedtak 23.05.16, sak 36/16 – Nedlegging av Sveio Bufelleskap KF
19. Protokoll frå møte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
20. Innkalling - generalforsamling 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
21. Innkalling – hamnerådet – 09.06.16 – Karmsund Havn IKS
22. FKT – fagkonferanse 07.-08.06.16 – evaluering /tilbakemelding v/utvalsleiar
23. Innkalling - Årsmøte i FKT 07.06.16

Handsaming i kontrollutvalet 14.06.16:

Utvalsleiar gjekk gjennom sakene. Sekretær opplyste at statusoversikten viser feil vedk. forvaltningsrevisjonsrapporten «Sakshandsaming, service og haldningar». Den blei handsama av det avtroppande kommunestyret i møtet 12.10.15, sak 78/15. Rapporten var no kopiert opp og blei delt ut. Utvalsleiar omtala FKT-konferansen som lærerik og interessant. Utvalsleiar og dagleg leiar/utvalssekretær var observatørar på hamnerådet og gav eit referat frå møtet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.06.16:

Kontrollutvalet tar referatsakene 16-23 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Neste møte

Etter møteplan er dato **13. september** kl. 18.00. Saker: kommunalsjef oppvekst og kultur er invitert til å orientere, budsjett for kontroll og tilsyn for 2017, prioritering av områder til Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020.

Sveio/Aksdal, 14. juni 2016

Olav Haugen
kontrollutvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	13.09.16	18/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – OPPVEKST OG KULTUR

Saksorientering:

Bakgrunn:

Kontrollutvalget vedtok i møtet 26.01.16, sak 4/16 ein plan for orientering om støtte- og resultateiningane i kommunen i løpet av 2016. Vedtaket var følgjande:

Sveio kontrollutval vedtek følgjande Plan for orientering om støtte- og resultateiningane:

19.04.16 rådmann, økonomisjef og leiar løn og personal
14.06.16 kommunalsjef helse og omsorg
13.09.16 kommunalsjef oppvekst og kultur
08.11.16 kommunalsjef teknisk m.m.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står over for.


Planen blei oversendt rådmannen 28.01.16. Det framgikk i brevet at tidspunktene kunne endrast/byttast for dei inviterte. Det er til no ikkje kome framlegg om endringar og det vert opp til rådmannen å bestemme kven han tar med seg til møta eller om dei møter som representant for rådmannen.

Utvalet kan komme med innspel på emne og spørsmål, men helst så tidlig som mogleg, slik at dei inviterte kan førebu seg. Det vert lagd opp til at utvalet bestemmer ei tidsramme.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tek kommunalsjef oppvekst og kultur si utgreiing om einigane til orientering.

Aksdal, 06.09.16



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	13.09.16	19/16
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SAKSHANDSAMING, SERVICE OG HALDNINGAR»

Vedlegg: Rådmannen sitt brev av 25.08.16 – tilsvar på KPMG rapport frå 2015

Saksorientering:

Sveio kommunestyre vedtok samrøystes i møte 14.03.16, sak 2/16 følgjande:

- 1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Sakshandsaming, service og haldningar» og tek rapporten til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet sorg om oppfølging av rapporten innan 12 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Revisjonen kom med følgjande hovedbodskap og tilrådingar til Sveio kommune:

- 1. Kommunen bør gjere tiltak for å sikre at kommunen etterlev lovfesta tidsfristar i sakshandsaming av enkeltvedtak innanfor område skule. Herunder sikre at det vert gitt eit førebels svar i alle tilfelle kor ein ser at ein førespurnad som gjeld enkeltvedtak ikkje kan svarast på innan ein månad.*
- 2. Kommunen bør gjere tiltak for å sikre større tryggleik for at ein yt god service på alle områder i kommunen:*
 - a. Sikre lik grunnleggande praksis for service. Til dømes gjennom*
 - i. å skildre og kommunisere kva ein legg i målsettinga om å vere ein god servicekommune,*
 - ii. å opprette og gjere kjend ei felles grunnleggande prosedyre for serviceåtfærd ved elektroniske, papirbaserte og munnlege førespurnadar.*
 - b. Vurdere å innføre systematisk opplæring i "kundehandsaming" i einingar i kommunen som har utstrakt innbyggjarkontakt.*

- c. Utføre innbyggjar-/brukarundersøking med jamne mellomrom for å måle servicegrad og oppnå relevant informasjonsgrunnlag for kontinuerlig forbettringsarbeid.

Rådmannen kom den gong med kommentarar til rapporten, der han i innleiinga dagsett 22.09.15 skreiv mellom anna:

Rådmannen opplever at rapporten i hovudsak gir ein god oversikt over sentrale problemstillingar og forhold innan det aktuelle området (sakshandsaming, service og haldningar).

Tilrådingane i pkt. 1 og 2. opplevast i hovudsak som relevante.

Rådmannen sine kommentarar til pkt 1 og 2 den gongen er tatt inn hans tilbakemelding vedk. oppfølging av rapporten i sitt brev av 25.08.16. Det visast til vedlagte brev.

Rådmannen har i brevet gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapport og korleis tilrådingane er fulgt opp (spesielt pkt 1) eller er tenkt fulgt opp i haust med kursing og oppstart med LEAN-satsing og vidare til våren 2017 med spesiell fokus på kundehandsaming.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kontrollutvalsforskriften med merknader, ligg det til kontrollutvalget å sjå til at rådmannen følgjer opp forvaltningsrevisjonsrapport. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan likevel melde saka vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Sekretariatet synes ikkje det er aktuelt i denne saka, då tilbakemelding er gjeve og visar at tilrådingane er prøvd følgt opp og forbetringstiltak sett i verk.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Sveio kontrollutval tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Sakshandsaming, service og haldningar» til orientering.

Melding om oppfølging sendast kommunestyret til orientering.

Aksdal, 06.09.16

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær



Sveio kontrollutval ved sekretariat

Rådmannen
Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 25.08.16
Journalført: 16/280449
Arkivkode: 216

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2015000520-10/2016008591 Arkiv: Dato: 25.08.2016

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSRAPPORT SAKSHANDSAMING, SERVICE OG HALDNINGAR.

Vi viser til forvaltningsrapport *Sakshandsaming, service og haldningar. Forvaltningsrevisjon Sveio kommune 2015*. Følgjande tilrådingar vart gitt i rapporten:

Våre tilrådingar er:

1. Kommunen bør gjere tiltak for å sikre at kommunen etterlev lovfesta tidsfristar i sakshandsaming av enkeltvedtak innanfor område skule. Herunder sikre at det vert gitt eit førebels svar i alle tilfelle kor ein ser at ein førespurnad som gjeld enkeltvedtak ikkje kan svarast på innan ein månad.
2. Kommunen bør gjere tiltak for å sikre større tryggleik for at ein yt god service på alle områder i kommunen:
 - a. Sikre lik grunnleggande praksis for service. Til dømes gjennom
 - i. å skildre og kommunisere kva ein legg i målsettinga om å vere ein god servicekommune.
 - ii. å opprette og gjere kjend ei felles grunnleggande prosedyre for serviceåttferd ved elektroniske, papirbaserte og munnlege førespurnadar.
 - b. Vurdere å innføre systematisk opplæring i "kundehandsaming" i einingar i kommunen som har utstrakt innbyggjarkontakt.
 - c. Utføre innbyggjar-/brukarundersøking med jamne mellomrom for å måle servicegrad og oppnå relevant informasjonsgrunnlag for kontinuerlig forbetningsarbeid.

Vi gjer elles oppmerksam på innspel til kommunens forbetningsarbeid som går fram av rapporten sin vurderingsdel, jamfør særskilt punkt 3.1. og 3.3.

Rådmannen gav følgjande kommentar til rapport og tilrådingar 22. september 2015:

Rådmannen opplever at rapporten i hovudsak gir ein god oversikt over sentrale problemstillingar og forhold innan det aktuelle området (Sakshandsaming, service og haldningar). Tilrådingane i pkt. 1 og 2. opplevast i hovudsak som relevante. Under finn rådmannen likevel grunn til å kommentere desse litt nærare:

Tilråding pkt. 1. Det er viktig at dei lovfesta krava vert etterlevd, og rapporten viser at dette har svikta på avgrensa område i kommunen ved fleire høve. Ny kommunalsjef for oppvekst/ kultur vil få i oppgåve å sikre at rutinar/ retningslinjer blir etterlevd på ein god måte framover innan dette området, evt at rutinar vert etablert der dei evt måtte mangle og at mynde og ansvar blir delegert på tenleg vis. Dette vil skje i samarbeid med rådmann. Ut over dette må det vurderast

kompetanseauke knytt til forvaltningslov og andre relevante lovverk for å styrke forståinga i organisasjonen elles der det er naudsynt.

Tilråding pkt. 2.

- a. Rådmannen ser at det kan utarbeidast ei felles skriftleggjort prosedyre eller skildring for service i Sveio kommune. Denne bør evt ikkje vere omfattande, men få fram dei viktigaste forventningane kommunen stiller til området.
- b. Rådmannen ser det som utfordrande å etablere ei systematisk opplæring for tilsette med mye innbyggjarkontakt, dersom denne skal ha stor grad av likskap på tvers av einingar. Slik rådmannen ser det, kan einingsleiar (evt kommunalsjef), ut frå ei vurdering av den samla tenesteproduksjonen på eininga, best vurdere korleis omfanget og innretinga til fremjing av haldningar og servicenivå bør skje. Til dømes vil nok kvardagen til skulane vere såpass ulik kvardagen på offentleg servicekontor knytt til brukarkontakt, at det vil vere meir føremålstenleg at kursing skjer adskilt. Kursing bør likevel alltid skje med utgangspunkt i felles sentrale føringar (jamfør punkt 2a).
- c. Innbyggjar-/brukarundersøkingar kan vere eit nyttig forbettringsverkty for ein organisasjon. Samstundes er denne typen undersøkingar krevjande reint ressursmessig, metodisk og kompetansemessig å gjennomføre og analysere/ tolke. Dersom Sveio kommune skal utvikle innbyggjar-/ brukarundersøkingar, vil det krevje at eksisterande ressursar vert omprioritert (bort frå anna viktig arbeid). Det vil nok også mest truleg vere naudsynt med ei ressursauke for at ei slik realisering kan vere gjennomførbar. Ein har allereie prioritert stramt for å kunne gjennomføre medarbeidarundersøkinga annan kvart år. Det er nok meir omfattande og krevjande å gjennomføre ei fullskala brukarundersøking enn det er å gjennomføre medarbeidarundersøkinga. Dersom kommunestyret ønskjer jamlege brukarundersøkingar med tilhøyrande prosessar, må dette utgreiast nærare med tanke på ressursbruk (kost/nytte).

Ut over dette vil rådmannen understreke at samarbeidet knytt til utarbeiding av denne rapporten har vore godt.

Kommunestyret vedtok følgjande etter innstilling frå Sveio kontrollutval:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Sakshandsaming, service og haldningar» og tek rapporten til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Rådmannen og administrasjonen har hatt ei oppfølging av tilrådingar og kommunestyret sitt vedtak i tida fram til d.d. Under vert oppfølging knytt til dei einskilde tilrådingpunkta presentert. Rådmannen sin kommentar knytt til dei ulike punkta vert nytta der dette er relevant.

Til tilråding 1: Ny kommunalsjef for oppvekst starta i stillinga i januar 2016. Kommunalsjef har utarbeidd rutinar og retningslinjer for sakshandsaming som skal sikre sakshandsaming i samsvar med lov og forskrift. Under ein presentasjon av kva som er gjort:

- Som førebuing til sak om delegeringsreglement for kommunestyret, har det vore ein gjennomgang av alle lovheimlar som skule- og barnehagekontoret og skulane skal ha ansvar for, og i forslag til delegeringsreglement går det fram kva lovheimlar knytt til enkeltvedtak, som blir foreslått delegert til kommunalsjef med ansvar for skule. Lovheimlar som gjeld enkeltvedtak er foreslått delegert til kommunalsjef med ansvar for skule. Handsaming av delegeringsreglement vil bli gjort hausten 2016.

- **Tiltak for å sikra forsvarleg sakshandsaming:**
Med utgangspunkt i konklusjonane i rapporten relatert til skule, er det utarbeidd rutinar, mal for førebels svar og malar for enkeltvedtak for å sikra forsvarleg sakshandsaming og gjera arbeidet med enkeltvedtak enklare. I tillegg er også relevante sakshandsamarar med i kurs om forvaltningslog og offentliglov (sjå lenger ned i dokumentet for presentasjon av desse kursa).
- **Tydeleggjering av ansvar:**
Av rutine for handsaming av enkeltvedtak (sjå vedlegg 1) går det fram at kommunalsjef for skule har ansvar for å peika ut sakshandsamar og har det overordna ansvaret for at saka ikkje stoppar opp i systemet. På skuleområdet vil ansvarsrekkefølgje for sakshandsamingsansvar vera:
 1. skulefagleg rådgivar
 2. rådgivar skule og barnehage

Av rutina går det fram at ansvarleg sakshandsamar har ansvar for at det blir sendt ut førebels svar dersom førespurnad som gjeld enkeltvedtak ikkje kan svarast på innan ein månad.

- **Forenkling og kvalitetssikring.**
For å sikra kvaliteten og gjera sakshandsaminga meir effektiv, er det utarbeidd:
 - Rutine for sakshandsaming av enkeltvedtak
 - Sjekkliste ved sakshandsaming av enkeltvedtak
 - Mal for førebels svar
 - Rutinar og malar for dei ulike områda for enkeltvedtak
 - Generell mal for enkeltvedtak

Det ligg føre grundig og detaljert dokumentasjon på ansvarsfordeling og rutinebeskrivelser på oppvekstområdet. Ved interesse vert dette også presentert. Rådmannen ser i utgangspunktet for seg at det blir gitt meir **grundig informasjon** om oppfølgingsarbeidet på skuleområdet til **hovedutval for oppvekst og kultur**.

Til tilråding 2a.

Innleiande arbeid med **serviceerklæring** er sett i gong. Det vil bli arbeidd ut over hausten med utforming av denne. Utforming bør skje i samsvar med LEAN-satsing i kommunen. Slik rådmannen ser det er service og brukarorientering fullt ut i samsvar med eit vellukka LENA-arbeid.

Til tilråding 2b.

Rådmannen viser her til kommentar til forvaltningsrapport frå 22.september 2015. Rådmannen ser for seg å gjennomføre følgjande aktivitetar knytt til «**kundehandsaming**».

- Leiarforum vil ha tema «kundehandsaming» på eit møte seinast februar 2017.
- Det vil med utgangspunkt i gjennomgang i leiarforum bli sendt bestilling til alle einingar om at tema **kundehandsaming** blir tatt opp på tenlig vis på alle einingane seinast juni 2017.
- Planlagt LEAN-satsing i kommunen kan tendere inn i mot «kundehandsaming». Ein vil freiste sjå desse omgrepa i samanheng og vurdere aktivitetar og forbetningsarbeid i LEAN som også er relevant for å styrke kundehandsaminga i kommunen.
- Det er allereie **gjennomført kurs i forvaltningslova** for tilsette i kommunen. Kurs i offentleglova er planlagt i september 2016. Kurset vert leia av Jan Henrik Høines, advokat ved Eurojuris Haugesund. Ei styrking av dei tilsette si forståing av desse lovverka vil betre tryggleiken knytt til sakshandsaming og offentligleggjering hjå tilsette i kommunen og såleis styrke den service som vert gitt til innbyggjarane i Sveio kommune.

Til tilråding 2c.

Rådmannen rår ikkje til å på noverande tidspunkt etablere brukarundersøkingar, ut over det ein i dag har i NAV og på skuleområdet. I haust vil ein ta stilling til ei satsing på LEAN. Ei slik implementering vil vere ressurskrevjande, og ei etablering av brukarundersøkingar samstundes, vil svekke det fokuset rådmannen meiner ein bør kanalisere i retning av ei vellukka LEAN-satsing.

Med helsing

Bjarne Aksnes Martinsen
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	13.09.16	20/16
Kommunestyret	31.10.16	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2020

- Vedlegg:**
1. Utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
 2. Overordna analyse, utarbeida av Deloitte AS (**ettersendast**)

Saksorientering:

Bakgrunn:

Etter forskrift om kontrollutval § 10 har kontrollutvalet ansvaret for å utarbeide og oppdatere plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal vere basert på ein overordna analyse av kommunen si verksemd ut ifrå ein risiko- og vesentlegheitsvurdering, med sikte på å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon i kommunen.

Planen vert vedteken av kommunestyret sjølv, som kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

Utvalet engasjerte Deloitte AS til å utarbeida analyse og framlegg til plan. Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 08.12.15, sak 33/15:

Sveio kontrollutval bestillar oppdraget med å utarbeide ein overordna analyse, Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 og Plan for selskapskontroll 2016-2020 for Sveio kommune frå deloitte AS, i samsvar med tilbodet av 30.11.15.

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr møtte kontrollutval 19.04.16, sak 10/16 og hadde eit spel kor medlemmene blei invitert til å delta i Deloitte sitt risikospel. Dette som en del av prosessen for å komme med innspel til ny overordna analyse.

Same forvaltningsrevisor vil komme til møtet 13.09.16 for å presentere den overordna analysen og framlegg til plan. Revisor vil gå igjennom analysen med vekt på dei prosjekt som dei har funne høgast risiko med når det gjelder å nå måla, regelverk og politisk vedtak, basert mellom anna på innspel som kom fram i arbeidsmøtet.

Analysen er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2.

Den overordna analysen er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjør kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Planen 2012-2016

Plan for perioden 2012-2016 vedtok Sveio kommunestyre i møtet 22.10.12, sak 101/12. Prosjekta var uprioriterte:

- Helse og omsorg
- Vedlikehald av kommunale bygg
- Organisering
- HMS
- Økonomistyring
- Skule
- Samhandlingsreforma

I perioden er det gjennomført tre prosjekt: innan pleie og omsorgstenestene i 2013, om spesialpedagogiske tiltak i 2014 og sakshandsaming, service og haldningar i 2015.

Plan 2016-2020

I framlegg til ny plan vil revisor gjere komme med framlegg om område som bør bli prioritert for ein mogleg forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2020 (i uprioritert rekkefølge).

Framlegget følgjer saksdokumenta som vedlegg 1.

Det er ikkje realistisk at planen inneheld meir enn 4-8 prosjekt, da årlege budsjettmidlar tilseier at det vert gjennomført eit prosjekt kvart år. Minstekravet i forskrift er ein forvaltningsrevisjon kvart år.

Vidare handsaming

Når kontrollutvalet er ferdig med prioriteringane i planen, vil den vere klar for oversending til kommunestyret for slutthandsaming. Siste frist for å utarbeide plan er ifølgje lova seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert, men tolka slik at denne fristen ikkje krev at kommunestyret skal ha vedtatt planen før nyttår, men vore handsama i kontrollutvalet. Slik det ligg an i prosessen no, vil planen bli lagt fram for kommunestyret i haust (oktobermøtet).

Når eit prosjekt skal setjast i gong, må det planleggjast meir i detalj før ein startar opp. Kontrollutvalet må då, saman med revisor, foreta ei undersøking om dei aktuelle tema i prosjektet, og vurdere kva som er mest relevant og vesentleg å undersøke. Omfanget av prosjektet vil også vere avhengig av kor mange tema som vil vere viktige for kontrollutvalet å få svar på i ein rapport. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilte bestilling av prosjekt.

Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å prioritere dei mest aktuelle prosjekta innafor vedteken plan, samt at dei kan å ta inn nye prosjekt i planen dersom det oppstår behov for det. Slik mynde var da også blitt gjeven tidlegare.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval slutter seg til utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 basert på vedlagt overordna analyse med med disse endringane/tillegg og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.


Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidaresendas til kommunestyret for sluttbehandling.

OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Sveio kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

Aksdal, 07.09.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 06.09.16
Journalført: 16/308/4ha
Arkivkode: 216

Sveio kommune

Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 - utkast



Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	5
1.2	Plan for forvaltningsrevisjon	5
1.3	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020	7
2.1	Gruppe 1 – prioriterte prosjekt	7
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte prosjekt	7
3	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	9
3.1	Framgangsmåte	9
3.2	Gjennomføring og rapportering	9

1 Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Ifølgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen.¹ Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet.

Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonen sitt innhald:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

1.2 Plan for forvaltningsrevisjon

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal gå fram av ein plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.²

¹ Kommuneloven § 77. Kontrollutvalet

² Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

1.3 Risiko- og vesentleganalyse


Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen har vore å framskaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av kommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.³

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking til administrative leiarar i kommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Informasjon som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.



³ For en nærare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalgsboken" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengeleg på http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129)

2 Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper: ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avhenger av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til prosjekta.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

	Prosjekt	Tema
1		•
2		•
3		•
4		•
5		•
6		•
7		•
8		•
9		•

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

	Prosjekt
1	
2	
3	
4	
5	
6	
7	
8	

9	
10	

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3 Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Framgangsmåte

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei ein skilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ei slik metodettrianglering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørreskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium⁴ ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei ein skilde prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon startast opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen før den blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

⁴ Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	13.09.16	21/16
Kommunestyret	31.10.16	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	217	

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016 -2020

- Vedlegg:**
1. Retningslinjer for selskapskontroll frå 2006
 2. Utkast til plan for selskapskontroll 2016-2020
 3. Overordna analyse utarbeida av Deloitte AS

Bakgrunn:

Det går fram av kommunelova § 80 og forskrift om kontrollutval kap. 6 at det **skal** utarbeidast ein eigen plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal godkjennast av kommunestyret innan utgangen av fyrste året i kvar valperiode.

Planen vert vedteken av kommunestyret sjølv, som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

Utvalet har engasjert Deloitte AS til å utarbeide analyse og framlegg til plan. Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 08.12.15, sak 33/15:

Sveio kontrollutval bestillar oppdraget med å utarbeide ein overordna analyse, Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 og Plan for selskapskontroll 2016-2020 for Sveio kommune frå Deloitte AS, i samsvar med tilbodet av 30.11.15.

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr møtte i kontrollutvalet 19.04.16, sak 10/16 og hadde eit spel kor medlemmene blei invitert til å delta i Deloitte sitt risikospel. Dette som en del av prosessen for å komme med innspel til ny overordna analyse.

Same forvaltningsrevisor vil komme til møtet 13.09.16 for å presentere den overordna analysen for selskapskontroll og utkast til plan for selskapskontroll. Revisor vil gå igjennom analysen og deire forslag til selskapskontrollar på bakgrunn av dei områda/selskapa som dei har funne har høgast risiko når det gjelder vesentligheit og risiko for avvik.

Analysen er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 3.

Analysen er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine eigne vurderingar, skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Vurderingane skal ta omsyn til risiko og vesentligheit (kva konsekvens får eit avvik og kor sannsynleg er det at eit avvik vil oppstå), knytt til dei enkelte framlegga.

Tidlegare planar

Sveio kommune har ikkje eigne heleigde selskap og i fylgje vedtatte retningslinjer bør kontrollar samordnast med dei andre eigarkommunane. Fyrste plan blei vedtatt i 2006 for perioden 2006-2007. I neste plan for perioden 2008-2011 (vedtatt 16.02.09, sak 8/09), blei det planlagt to kontrollar. Det var eigarskapskontroll av SIM IKS og Haugaland Kraft AS. Desse blei gjennomført saman med dei andre eigarkommunane.

I 2012 gjorde sekretariatet framlegg om at vert lagt opp til gjennomføring av to prosjekt i løpet av dei neste fire åra. Det eine prosjekt gjaldt kommunen sin eigarstyring/eigarstrategi og selskapet Krisesenter Vest IKS. I førre periode blei ingen av prosjekta gjennomført.

Plan for 2016-2020

Vedlagt følger utkast til Plan for gjennomføring av selskapskontroll for perioden 2016-2020. Frå Deloitte er området eigarskapsforvaltning ført opp som fyrste prosjekt og så Karmsund Havn IKS. Av selskap som ligg utanfor § 80 i kommunelova (ikkje innsyn) er selskap som Sveio Golf AS, Opero AS og AS Haugaland Industri tatt med på aktuelle selskap. I tillegg er Krisesenter Vest IKS med blant dei seks prosjekta.

Det er utvalet som prioriterar og vurderar dei ulike risikoområda og avgjer kva selskap som eventuelt bør bli gjenstand for kontroll og val av prosjekt.

Evaluering av retningslinjene

Sveio kommune sine retningslinjer for selskapskontroll trådde i kraft då kommunestyret slutta seg til desse i 2006. Dei er seinare blitt lagde fram for kommunestyret i 2009 og 2012. I følgje gjeldande retningslinjer pkt. 12 skal desse evaluerast samtidig med revidering av Plan for selskapskontroll. Retningslinjene følgjer saka som vedlegg 1.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det er behov for endringar eller tillegg, med unntak av årleg innsending av firmaattest i pkt. 10, som det blir gjort framlegg om blir tatt ut. Med dagens tilgang via Altinn har informasjonstilgangen blitt mykje betre sidan retningslinjene blei utarbeida i 2006.

Det som sekretariatet igjen vil innskjerpe, er selskapa si plikt til å sende innkallingar/sakspapir/protokallar til/frå representantskapsmøte til sekretariatet, då det er fortsatt nokre selskap som fortsatt ikkje har fått det inn i sine rutinar.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval sluttar seg til utkast til Plan for selskapskontroll 2016-2020, basert på vedlagt overordna analyse, med med desse endringane/tillegg og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidaresendast til kommunestyret for sluttbehandling.


OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Sveio kommunestyre vedtar Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Retningslinjer for selskapskontroll i Sveio kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

Aksdal, 07.09.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

RETNINGSLINJER FOR SELSKAPSKONTROLL I

SVEIO KOMMUNE

Vedtatt av Sveio kommunestyre 06.02.06, sak 4/06,


evaluert fyrste gong 16.02.09, sak 8/09, andre gong 22.10.12, sak 100/12, tredje gong 31.10.16, sak xx/16

1. Selskapskontroll vert gjennomført i tråd med Lov om kommunar og fylkeskommunar § 80 og forskrift om kontrollutval kapittel 6.
2. Selskapskontroll vert gjennomført i samsvar med gjeldande Plan for selskapskontroll som vedtatt i kommunestyret. Plan for selskapskontroll vert vedtatt av kommunestyret minimum ein gong kvar valperiode, og kan justerast oftare dersom dette er naudsynt.
3. Kontrollutvalet har ansvar for å sikre at selskapskontroll vert gjennomført i tråd med desse retningslinjene.
4. Kontrollutvalet får delegert mynde til å kjøpe selskapskontroll i samsvar med den vedtekne planen og kan dessutan gjere mindre endringar i Plan for selskapskontroll dersom det er føremålstenleg og kostnadseffektivt (for eksempel ved samordning med andre eigarkommunar).
5. Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om selskapskontroll skal omfatta rein eigarskapskontroll eller om kontrollen også skal omfatta forvaltningsrevisjon.
6. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret om utført selskapskontroll. Rapportering skal gjerast etter gjennomført selskapskontroll i det enkelte selskap. Samlerapport om utført og igangsatt selskapskontroll vert rapportert årleg gjennom kontrollutvalet si årsmelding.
7. Kontrollutvalet sitt sekretariat skal sørge for at selskap som er aktuelle for eller omfatta av Plan for selskapskontroll får naudsynt kjennskap til kva selskapskontroll omfattar.
8. Innkalling med sakliste og sakspapir til representantskapsmøte og generalforsamling i selskap som er aktuelle for selskapskontroll skal sendast kontrollutvalet sitt sekretariat og kommunen sin valde revisor samtidig som innkalling vert sendt ut til dei faste medlemma av representantskapet og generalforsamlinga.
9. Kontrollutvalet avgjer sjølv korleis kontrollutvalet si deltaking på representantskapsmøte og generalforsamling skal gjennomførast. Kontrollutvalet kan samordne slik deltaking med andre eigarkommunar dersom dette er føremålstenleg.
10. Selskap som er aktuelle for selskapskontroll skal årleg sende kopi av oppdatert firmaattest til kontrollutvalet sitt sekretariat. Nyetablerte selskap sender kopi av firmaattest når denne føreligg. Selskapa skal også sende kopi av selskapet si årsmelding og revisorattestert årsrekneskap når dette føreligg.
11. Selskapskontroll vert gjennomført av den kontrollutvalet gjer i oppdrag å gjennomføre selskapskontroll.
12. Disse retningslinjer trer i kraft når kommunestyret har slutta seg til dei. Retningslinjene skal reviderast ved endringar i Lov eller forskrift og evaluerast samtidig med revidering av Plan for selskapskontroll.

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 06.09.16
Journalført: 16/309.1-the
Arkivkode: 217

Sveio kommune

Plan for selskapskontroll 2016 – 2020



Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Krav til selskapskontroll	5
1.2	Plan for selskapskontroll	5
1.3	Former for selskapskontroll	6
1.4	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Oversikt over selskap	8
2.1	Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80	8
2.2	Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80	9
3	Selskapskontroll 2016-2020	11
4	Gjennomføring av selskapskontroll	12
4.1	Framgangsmåte	12
4.2	Gjennomføring og rapportering	12

1 Innleiing

1.1 Krav til selskapskontroll

Ifølgje kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

1.2 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;

... minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det går fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap kommunen eig aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret også omfatte selskap og verksemdar som ikkje kjem inn under kommunelova § 80. Dette er:

- selskap der kommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.


1.3 Former for selskapskontroll

Det er to former for selskapskontroll: obligatorisk eigarskapskontroll og valfri forvaltningsrevisjon.

1.3.1 Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll omfattar berre kommunen si eigarskapsforvaltning, og krev ikkje innsyn i enkeltvise selskap. Slike selskapskontrollar kan anten omfatte kommunen si oppfølging av heile eigarskapsporteføljen eller kommunen si eigarskapsoppfølging av enkeltvise selskap. Eigarkontrollen kan for eksempel omfatte:

- kontroll av at kommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa
- kontroll av at eigarskapa er føremålstenlege i forhold til føremål og type verksemd
- kontroll av val og opplæring av eigarrepresentantar
- kontroll av at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser opptre i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader



1.3.2 Valfri forvaltningsrevisjon

Selskapskontroll kan også gjennomførast som ein forvaltningsrevisjon av utvalde selskap. Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom vurdering av risiko og vesentlegheit tilseier det. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein forvaltningsrevisjon av eit selskap kan for eksempel omfatte:

- kontroll av om selskapet etterlev krav og føringar frå eigarane
- kontroll av om selskapet etterlev krav i relevant regelverk (for eksempel aksjelov/IKS-lov)
- kontroll av om selskapet har tilstrekkeleg system og rutinar for internkontroll
- kontroll av om selskapet har ein forsvarleg økonomi

1.4 Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. Det er spesielt desse forholda som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Informasjonen som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen

Informasjonen som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for kontrollutvalet si utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

2 Oversikt over selskap

Under følger ei oversikt over selskap kommunen har eigarskap i. Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kjem inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar).

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller statlege eigardeler. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i samsvar med eigarane sine intensjonar, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv.

2.1 Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Føremål	Eigardel
Karmsund Interkommunale Havnevesen IKS	Verksemda sitt føremål er å planlegge, utbygge og drive hamner, samt å trygge ferdselen, på vegne av de kommunar som er deltakarar, jf § 4, og ivareta disse kommunane sine oppgåver, rettigheter og forpliktingar i samsvar med den til ein kvar tid gjeldene hamne- og farvatnslovgivinga, jf havnelova.	38,46
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Føremålet med verksemda er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Verksemda skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.	12,50%
Haugaland Vekst IKS	Verksemda sitt føremål er å, på vegne av deltakarkommunane, drive slikt nærings- og regionalutviklingsarbeid som elles normal ville blitt utført av kommunane sjølv, dvs. samarbeid for å fremme og utvikle Haugesundregionen samt relevant lokalt næringsarbeid, i samsvar med avtale med den enkelte deltakarkommune.	9,09%
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	Verksemda sitt føremål er å planleggja, finansiera, opparbeida og driva lufthamn på Stord og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd.	8,7%%
Haugaland Kraft AS	Føremålet med verksemda er å vere eigarskap i verksemdar som driv produksjon av fornybar energi, sikker og kostnadseffektiv overføring og omsetning av energi, og som tilbyr sikker og kostnadseffektive breibandstenester der det naturleg styrker kjerneverksemda i konsernet, samt det som hermed står i forbindelse, medrekna	5,05 %

	å delta i andre føretak som driv tilsvarende verksemd.	
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS	Verksemda sitt føremål er å tilby sekretariatstenester til kontrollutvalet i deltakarkommunane og nærliggjande kommunar. Verksemda skal drivas i balanse slik at inntekter frå kommunane dekker kostnadane.	4,62 %
Krisesenter Vest IKS	Verksemda skal, på vegne av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova § 2 a), b) og c). Verksemda skal vere eit rådgjevande organ for eigarkommunane i etterleving av lova sin § 2 d). Verksemda har ikkje som føremål å drive verksemd som gir utbytte til eigarkommunane.	2,97%

2.2 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Føremål	Eigardel
Sveio Golfpark AS	Verksemda sitt føremål er drifte Sveio golfbane, samt alt som står i forbindelse, irekna utvikling av Sveio Golfpark, eigendomsutvikling i området, samt deltaking i andre verksemdar	67%
Vestavind AS Bygdebladet for Sveio	Verksemda har som føremål å gje ut lokalavisa "Vestavind A/S - Bygdeblad for Sveio" ut frå ei nøytral og uavhengig redaksjonell line.	29,32%
Haugalandspakken AS	Verksemda sitt føremål er å finansiere deler av utbygginga av transportsystemet på Haugalandet, tilføre godkjende prosjekt kapital, medrekna lån som vert forrenta og inndratt ved oppkrevjing av bompeng, samt administrere denne ordninga inntil låna er nedbetalt.	12,50%
Opero AS	Verksemda sitt føremål er å gjennom fabrikkasjon og annen næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetting av yrkesvalhemma og mindre arbeidsføre.	6,44%
AS Haugaland Industri	Verksemda sitt føremål er å drive fabrikkasjon, omsetning og anna verksemd som kan auke yrkesvalhemma sine mogelegheiter for tilbakeføring til den ordinære arbeidsmarknaden.	3,32%
Destinasjon Haugesund og Haugalandet AS	Formålet til selskapet er marknadsføring av reiselivsbedrifter i regionen og andre aktiviteter som naturlig fell saman med dette, irekna å delta i andre verksemdar med liknande verksemd, kjøp og sal av aksjar, eller på annan måte gjøre seg interessert i andre foretagender.	1,74%
Sunnhordlandsambandet AS (Tidligere Tysnesbrua AS)	Verksemda skal arbeida for at ein ferjefri veg mellom Stord og Bergen med bru over Langenuen kjem med i NTP. Når Sunnhordlandsambandet er komme inn i NTP, skal selskapet arbeide for at Sunnhordlandsambandet blir realisert.	10 aksjar
Biblioteksentralen SA	Verksemda skal være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar	ukjent

E134 Haukelivegen AS	Verksemda skal arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23.I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap.	ukjent
-----------------------------	---	--------

3 Selskapskontroll 2016-2020

Under følgjer prioriterte selskapskontrollar. Under kvar selskapskontroll er det foreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einstilte bestillinga av selskapskontroll.

	Prosjekt	Tema
1		•
2		•
3		•
4		•

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein selskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre selskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for selskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for selskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

4 Gjennomføring av selskapskontroll

4.1 Framgangsmåte

Uavhengig av kva form for selskapskontroll som gjennomførast, vil revisjonen følgje standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), så langt dette er praktisk mulig, ettersom det ikkje er utarbeidd ein eigen standard for selskapskontroll.

Kva metodar som blir brukt for datainnsamlinga i dei ulike selskapskontrollane er avhengig av endelege problemformuleringar i dei enkelte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ein slik metodetriangulering bidrar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan være:

- dokumentanalyse
- elektroniske spørjeskjema
- intervju
- dataanalyse
- testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka selskapskontrollar er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkt og kva kriterium ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei enkelte prosjekta. Før ein selskapskontroll blir starta opp skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

4.2 Gjennomføring og rapportering


Revisjonen vil alltid starte ein selskapskontroll med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet før rapporten blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir sendt over til kommunestyret saman med rapporten.

Haugaland
Kontrollutvalgsekretariat IKS
Mottatt dato: 06.09.16
Journalført: 16/30
Arkivkode: 217

Sveio kommune

Overordna analyse for plan for selskapskontroll 2016 - 2020

September 2016



Dette er eit utkast til analysegrunnlag for overordna analyse for plan for selskapskontroll. Dokumentet kan reviderast etter det er lagt fram for kontrollutvalet. Revidert versjon vil sendast kontrollutvalet saman med plan for selskapskontroll.

Innhald

1. Innleiing	4
2. Eigarskap	7
3. Forslag til selskapskontrollar	15

1. Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for selskapskontroll for å føre kontroll med eigarinteressene til kommunen. Dette dokumentet er eit analysegrunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for selskapskontroll for 2016-2020.

For at planen skal spegle dei viktigaste områda der det er behov for selskapskontroll, har Deloitte gjennomført ein risiko- og vesentleganalyse (overordna analyse) av eigarskapsforvaltninga til kommunen. I prosessen med den overordna analysen er det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet, administrasjonen og politisk leiing.

Analysen er av ein overordna karakter, og er i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og i spørjeundersøking er berre i nokon grad verifisert av kommunen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan bli følgt opp/undersøkt i ein selskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar, dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.1 Overordna analyse og plan for selskapskontroll

Stadig større delar av den kommunale forvaltninga blir organisert utanfor den ordinære forvaltninga. Kommunen er pålagt å føre kontroll med sine eigarinteresser. I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;

...minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.


Innsynsretten i selskapa som kommunen har eigarskap i er regulert av kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap (IKS),
- aksjeselskap kommunen eig aleine eller aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til selskapa nemnd over.

Selskapskontroll kan romme ulike former av kontrollar, høvesvis eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskap. Det kan også gjennomførast selskapskontrollar som kombinerer element frå dei to nemnde formane. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen av selskapskontroll. Dette er ein kontroll av korleis kommunen forvaltar sine eigarskap. Ved forvaltningsrevisjon av selskap kan ein mellom anna vurdere selskapet sin økonomi, ressursbruk, regeletterleving og måloppnåing ut frå kommunale vedtak og føringar.

UTKAST

Overgangen mellom desse to formene for selskapskontroll kan vere glidande. I Kontrollutvalsboka blir dette illustrert med følgande figur.¹



Figur 1 Former for selskapskontroll. Frå «Kontrollutvalsboka»

Risiko- og vesentleganalyse er ein prosess som skal initierast av kontrollutvalet og nyttast som eit verktøy for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll.² Med omsyn til risiko er det særleg desse forholda som bør vurderast:

- risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lovar og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte,
- risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnytta
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for selskapskontroll:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske teneste til kommunen
6. selskap som er heileigde av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresse i tal på aksjar (fleirtall) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/ tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

1.2 Metode

1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen bygger på ein gjennomgang av kommunen si eigarskapsmelding, selskapa sine nettsider, selskapa sine årsmeldingar, kommunale dokument, kommunen sine nettsider, samt ravninfo.no. Innanfor ramma av prosjektet har vi ikkje hatt høve til å gå inn i all dokumentasjon som føreligg knytt til dei ulike selskapa. Dette er dokumentasjon som det kan vere naturleg å gjennomgå ved ein eventuell selskapskontroll.

¹ Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2015) Kontrollutvalsboka.

² Jf, §13 i forskrift om kontrollutval

UTKAST

1.2.2 Intervju og møter

Det er gjennomført intervju med eit utval administrative og politiske leiarar i kommunen. Intervjua har omhandla både generelle utfordringar knytt til eigarskapsforvaltninga og eventuelle risikoforhold knytt til selskapa. Vi har gjennomført intervju med rådmann, tre kommunalsjefarar, økonomisjef og personalleiar. Av politiske leiarar har vi intervju ordførar, varaordførar og to gruppeleiarar.

1.2.3 Elektronisk spørjeundersøking

Det er sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til einingsleiarar i kommunen. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til 18 leiarar og vi mottok svar frå 13 leiarar innan fristen.

I spørjeundersøkinga blei det stilt spørsmål om kva område ein oppfattar at det er knytt risiko til, både med omsyn til kommunen si overordna eigarskapsforvaltning og kva selskap det kan være knytt risiko til.

1.2.4 Prosessmøte med kontrollutvalet


Innleiingsvis i prosessen blei det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet kor mellom anna kommunen si eigarskapsforvaltning blei diskutert.

1.3 Lesarrettleiing

Innspela som vi har samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert i dette dokumentet. Dokumentet utgjer eit grunnlag for kontrollutvalet til å velje ut og prioritere selskapskontrollprosjekt. Analysedokumentet består av følgjande delar:

I **kapittel 2** presenterer vi den overordna eigarskapsforvaltninga til kommunen og dei enkelte selskapa som kommunen har eigardelar i.

I **kapittel 3** presenterer vi forslag til moglege selskapskontrollar i uprioritert rekkefølge basert på dei risikoar som er identifisert. Utval og prioritering av selskapskontrollar vil gå fram av plan for selskapskontroll 2016-2020 som kontrollutvalet vedtar, og som blir lagt fram for kommunestyret. I same kapittel presenterer vi også ei oversikt over gjennomførte selskapskontrollar.



2. Eigarskap

2.1 Eigarskapsforvaltning

Sveio kommune har inga eigarskapsmelding. I undersøkinga peikar fleire av dei intervjuja på at det hadde vore interessant å gjennomføre ein kontroll av korleis kommunen forvaltar sine eigarinteresser.

2.2 Oversikt over selskap

Oversikta over selskap som er presentert under er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Lindås kommune sitt årsrekneskap frå 2015, supplert med informasjon frå RAVN Bedriftsinfo, det enkelte selskapet sine nettsider og informasjon som er komme fram i undersøkinga gjennom intervju og spørjeundersøking.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kommer inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar). Desse selskapa har Fjell kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre selskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller staglege eigardeler. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærene. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningsliner mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg med ein selskapskontroll.

2.3 Oversikt over selskap som er omfatta av kommunelova § 80

Karmsund Havn IKS

Eigardel 38,46%

Nøkkelpunkter

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Stabil og solid drift

Verksemda sitt føremål er å planlegge, utbygge og drive hamner, samt å trygge ferdselen, på vegne av de kommunar som er deltakarar, jf § 4, og ivareta disse kommunane sine oppgåver, rettigheter og forpliktingar i samsvar med den til ein kvar tid gjeldene hamne- og farvatnslovgivinga, jf havnelova.

Verksemda har hatt lønsam drift gjennom fleire år, god likviditet og lav gjeldsbelastning.

Største eigarar i verksemda er Karmøy Kommune (38,46%) og Haugesund Kommune (38,46%).

I undersøkinga blir det peika på at Karmsund Interkommunale Havnevesen IKS gjerne kunne ha vore gjenstand for selskapskontroll

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	141 760	137 473	127 736
Inntekter	63 426	53 663	58 181
Resultat før skatt	6 560	9 736	10 737

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Eigardelar 12,50%

UTKAST

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Omdøme
- Stabil og solid drift

Føremålet med verksemda er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Verksamda skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing. Føremålet vert konkretisert m.a gjennom desse oppgåvene: 1. Fremja Sunnhordland sine interesser 2. Fremja og samordna tiltaksarbeid i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og infrastruktur 3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland 4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland 5. Vera pådrivar for kultur - og identitetsskapande tiltaksarbeid 6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår

Verksamda har sterk likviditet og tilfredstillande gjeldsgrad, men har i tre av dei fem siste åra underskot. Dette til tross for at ein i to av desse åra har hatt positive finansinntekter. Verksamda har til dels store variasjonar i inntekter og kostnader.

Kommunen eig verksamda saman med Fitjar, Bømlo, Austevoll, Etne, Kvinnherad, Stord og Tysnes kommune. Alle eigarane eig 12,5% kvar.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	1 185	1 308	1 349
Inntekter	3 368	12 738	16 042
Resultat før skatt	-123	-196	-163

Haugaland Vekst IKS

Eigardel 9,09%

Nøkkelpunkter

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar

Verksamda sitt føremål er å, på vegne av deltakarkommunane, drive slikt nærings- og regionalutviklingsarbeid som elles normal ville blitt utført av kommunane sjølv, dvs. samarbeid for å fremme og utvikle Haugesundregionen samt relevant lokalt næringsarbeid, i samsvar med avtale med den enkelte deltakarkommune. Verksamda kan og yte andre tenester til deltakarkommunane, evt. tenester til andre enn deltakarkommunane, under føresetnad av at slikt tenesteyting ikkje endrar verksamda si status som «offentleg arbeidsgivar»/leverandør av tenester i «eigenregi», slik at lov om offentlege anskaffingar ikkje gjeld i forhold til verksamda si tenesteyting til deltakarkommunane. Pr. i dag antas denne føresetnaden å innebære at levering av andre tenester/tenester til andre enn deltakarkommunane ikkje må overstige 20% av verksamda si omsetning.

Verksamda har dei siste åra hatt stabil drift, med god likviditet og lav gjeldsbelastning. Verksamda har hatt låge marginar og gjekk i 2015 med eit lite underskot grunna variasjonar i inntektene og utgiftene.

Verksamda er eigd av Sveio og 10 andre kommunar på Haugalandet. Alle kommunar har lik eigardel.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	7 030	7 486	4 060
Inntekter	15 225	15 660	13 221
Resultat før skatt	-56	252	119

UTKAST

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Eigardelar 8,70%

Nøkkelpunkt

Verksemda sitt føremål er å planleggja, finansiera, opparbeida og driva lufthamn på Stord og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd.

Av eigarskapsmeldinga frå 2015 går det fram at deltakar kommunane er seg imellom ansvarlege for pliktene til selskapet i høve til prosentdeling i samsvar med folketalet i kommunane.

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Omdøme
- Stabil og solid drift
- Vesentlege verdjar

Verksemda har sterk likviditet og låg grad av gjeldsfinansiering. Dei økonomiske nøkkeltala fortel om ei bedrift med solid og stabil drift.

Sveio kommune eig verksemda saman med kommunane Stord (29,38%), Kvinnherad (24,14%), Bømlo (19,55%), Austevoll (8%), Fitjar (5,42%) og Tysnes (5,13%).

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk har ein eigardel i Rekom AS (4,26%). Rekom AS er og dekt av §80.

Det blei gjennomført selskapskontroll av SIM i 2012

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014 (K)	2013 (K)
Eigenkapital	176 780	174 449	139 561
Inntekter	81 192	176 713	139 561
Resultat før skatt	2 331	35 884	3 455

Haugaland Kraft AS

Eigardel 5,05%

Nøkkelpunkter

Føremålet med verksemda er å vere eigarskap i verksemdar som driv produksjon av fornybar energi, sikker og kostnadseffektiv overføring og omsetning av energi, og som tilbyr sikker og kostnadseffektive breibandstenester der det naturleg styrker kjerneverksemda i konsernet, samt det som hermed står i forbindelse, medrekna å delta i andre føretak som driv tilsvarande verksemd. Verksemda skal og ivareta konsern- og hovudkontorfunksjonar.

Verksemda har høg grad av eigenkapitalfinansiering og nøkkeltala viser eit selskap med stabil og solid drift.

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Omdøme

Kommunen eig verksemda saman med Karmøy (44,84%), Haugesund (31,97%), Tysvær (9,80%), Vindafjord (6,85%) og Bokn (1,08%).

Verksemda har følgjande dotterselskap, som også fell innanfor § 80:

- Haugaland Kraft Nett AS
- Haugaland Kraft Fiber AS
- Haugaland Kraft Energi AS
- Haugaland Kraft Produksjon AS
- Haugaland Næringspark AS

Det blei gjennomført selskapskontroll av Haugaland Kraft og Haugaland næringspark i 2015

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015 (K)	2014 (K)	2013 (K)
-------------------------------	----------	----------	----------

UTKAST

Eigenkapital	1 730 693	1 671 178	1 627 276
Inntekter	1 040 568	980 597	1 081 708
Resultat før skatt	185 138	199 084	247 906

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Eigardelar 4,62%

Nøkkelpunkt

Verksemda sitt føremål er å tilby sekretariatstenester til kontrollutvalet i deltakarkommunane og nærliggjande kommunar. Verksemda skal drivas i balanse slik at inntekter frå kommunane dekker kostnadane.

- Delt offentlig eigarskap

Etne eig verksemda saman med ni andre kommunar. Haugesund er største eigar med ein eigardel på 30,99%.

Selskapet har de siste årene hatt stabil drift.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	533	495	626
Inntekter	1 792	1 655	426
Resultat før skatt	37	7	183

Krisesenter Vest IKS

Eigardelar 2,97%

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Omdøme
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Verksemda skal, på vegne av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova § 2 a), b) og c). Verksemda skal vere eit rådgjevande organ for eigarkommunane i etterleving av lova sin § 2 d). Verksemda har ikkje som føremål å drive verksemd som gir utbytte til eigarkommunane.

Største eigarar i verksemda er Karmøy (23,52%) og Haugesund kommune (20,21%). I alt er 17 kommunar med i samarbeidet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	Ingen økonomiske nøkkeltal tilgjengelig		
Inntekter	Ingen økonomiske nøkkeltal tilgjengelig		
Resultat før skatt	Ingen økonomiske nøkkeltal tilgjengelig		

2.4 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommunelova § 80

Sveio Golfpark AS

Eigardel 67,00%

Nøkkelpunkter

- Delt eigarskap med private aktørar

Verksemda sitt føremål er drifte Sveio golfbane, samt alt som står i forbindelse, irekna utvikling av Sveio Golfpark, eigendomsutvikling i området, samt deltaking i andre verksemdar.

Verksemda hadde i fleire år negativ eigenkapital, men har sidan 2007 hatt positive resultat. I 2013 vart det skutt inn ny eigenkapital for å dekke tidligere

UTKAST

tap. Verksemda hadde ved utgangen av 2015 tilfredstillande likviditet og låg gjeldsbelastning.

I undersøkinga blir det peika på at det kunne ha vore interessant med ein selskapskontroll av dette selskapet der kommunen har ein del verdiar.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	4 208	3 729	-3 019
Inntekter	5 157	5 003	5 390
Resultat før skatt	790	432	832

Vestavind AS Bygdebladet for Sveio

Eigardel 29,32%

Verksemda har som føremål å gje ut lokalavisa "Vestavind A/S - Bygdeblad for Sveio" ut frå ei nøytral og uavhengig redaksjonell line.

Nøkkel punkter

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

Verksemda har dei siste åra hatt stabil drift, med positive resultat. Ved utgangen av 2015 hadde verksemda tilfredstillande likviditet og låg gjeldsbelastning.

Kommunen eig verksemda saman med mellom andre Mediehuset Haugesunds Avis AS (40,61%) og Hardanger Folkeblad AS (4,05%).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	461	256	220
Inntekter	3 182	2 909	2 811
Resultat før skatt	244	36	161

Haugalandspakken AS

Eigardel 12,50%

Verksemda sitt føremål er å finansiere deler av utbygginga av transportsystemet på Haugalandet, tilføre godkjende prosjekt kapital, medrekna lån som vert forrenta og inndratt ved oppkreving av bompeng, samt administrere denne ordninga inntil låna er nedbetalt. Verksemda har ikkje ansvar for prioritering av prosjekt og tiltak.

Nøkkel punkter

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

Verksemda er i si heilhet gjeldsfinansiert og har høg gjeldsbelastning. Dette er naturleg gitt verksemda si natur og føremål. Verksemda har dei siste åra hatt god likviditet og et svakt positivt resultat.

Verksemda er eigd av sju kommunar saman med Rogaland fylkeskommune. Aksjane er likt fordelt mellom eigarane.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	355	350	345
Inntekter	206 773	201 001	183 308
Resultat før skatt	5	5	5

UTKAST

Opero AS

Eigardelar 6,44%

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
- Etikk og omdømme

Verksemda sitt føremål er å gjennom fabrikkasjon og annan næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetting av yrkesvalhemma og mindre arbeidsføre.

Eigenkapitalen i verksemda er i hovudsak opptent eigenkapital, og verksemda har gjennom dei siste åra bygd opp eigenkapitalen slik at eigenkapitalsgraden og gjeldsgraden i dag er tilfredsstillande. Selskapet har i fire av dei fem siste åra levert positive resultat. I 2011 førte ei minke i driftsinntektene til underskot. Likviditeten i selskapet har ein positiv trend, og nærmar seg tilfredsstillande for ei verksemd med stabil drift.

Sveio kommune eig verksemda saman med Hordaland Fylkeskommune og sju andre kommunar, og Sør-Norge Aluminium AS. Største eigar er Stord kommune (28,03%).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	13 306	12 414	11 309
Inntekter	36 230	35 403	37 787
Resultat før skatt	892	1 105	1 389

AS Haugaland Industri

Eigardel 3,32%

Nøkkelpunkter

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar
- Omdømme
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Verksemda sitt føremål er å drive fabrikkasjon, omsetning og anna verksemd som kan auke yrkesvalhemma sine mogelegheiter for tilbakeføring til den ordinære arbeidsmarknaden.

Verksemda har i to av dei tre siste åra gått med undersot. Ein vesentlig auke i inntektene i 2014, utan en tilsvarende auke i kostnadene, gjorde at ein fekk eit overskot dette året. Selskapet har tilfredsstillande likviditet og lav gjeldsbelastning.

Kommunen eig verksemda saman med mellom andre Haugesund kommune (43,78%), Rogaland Fylkeskommune (28,19%), Fellesforbundet (1,66%) og Kastalia Investering AS (0,75%).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	26 575	18 790	22 468
Inntekter	53 954	43 598	44 657
Resultat før skatt	7 785	-3 678	-5 061

Destinasjon Haugesund og Haugalandet AS

Eigardel 1,74%

Nøkkelpunkter

- Delt eigarskap med private aktørar
- Utfordrande likviditetssituasjon
- Negativ eigenkapital

Formålet til selskapet er marknadsføring av reiselivsbedrifter i regionen og andre aktiviteter som naturleg fell saman med dette, irekna å delta i andre verksemdar med liknande verksemd, kjøp og sal av aksjar, eller på annan måte gjøre seg interessert i andre foretagender.

Verksemda har i to av dei fem siste åra gått med underskot av drifta. Verksemda har og ein utfordrande likviditetssituasjon, sjølv om denne bedra seg noko i 2014. Frå 2013 har selskapet og hatt negativ eigenkapital.

UTKAST

Verksemda er eigd av Sveio og andre nærliggande kommunar i lag med bl.a. Lufthavnbygging AS (34,88%) og Vista Holding AS (11,63%). Haugesund Kommune og Lufthavnbygging AS er største eigarar i selskapet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	-657	-639	-921
Inntekter	8 280	9 173	8 479
Resultat før skatt	42	338	-1 607

Sunnhordlandsambandet AS (Tidligere Tysnesbrua AS)

Eigardelar 10 aksjar

Verksemda skal arbeida for at ein ferjefri veg mellom Stord og Bergen med bru over Langenuen kjem med i NTP. Når Sunnhordlandsambandet er komme inn i NTP, skal selskapet arbeide for at Sunnhordlandsambandet blir realisert.

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

Selskapet har ingen inntekter og har i fire av dei fem siste åra hatt eit negativt resultat. Underskotet har vorte dekt av innskoten eigenkapital.

Største eigarar i verksemda er Meidell AS (11,19%), Tysnes sparebank (11,12%) og Alsaker Fjordbruk AS (11,12%).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	257	353	718
Inntekter	0	0	0
Resultat før skatt	-96	-364	-274

Biblioteksentralen SA

Eigardelar Ukjend

Verksemda skal være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I till kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemd med det formål å betene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarkedet. Biblioteksentralen skal driftas etter venlege bedriftsøkonomiske prinsipp, slik at det vert skapt økonomisk tryggleik utviklingsmogelegheitar og slik at andeseigarane sine interesser vert ivaretatt på best måte.

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samvirkelag

Verksemda har god likviditet og god lønsemd av drifta. Vidare har Biblioteksentralen lav gjeldsgrad og ein høg del av eigenkapitalfinansiering. Nøkkeltala fortel om stabil drift dei siste åra.

Biblioteksentralen har følgjande dotterselskap/eigarposisjonar, som alle fel utanfor §80:

- NBT Ute AS
- Edda Bokhandel AS
- Bibliotekenes IT-Senter AS
- BS Lab AS
- BS Eurobib AS
- Norsk Bibliotektransport AS
- BS Undervisning AS
- ABM-Media AS

